



Sunnfjord
kommune

Kva påverkar foreldra sitt val av barnehage?

Spørreundersøking til foreldre som fekk tilbod om barnehageplass 2024/2025



Innhald

1	Om undersøkinga	3
1.1	Føremål.....	3
1.2	Om undersøkinga.....	3
2	Oppsummering av funn	3
3	Kva påverkar val av barnehage – resultat frå undersøkinga	4
3.1	Barnehagen er lokalisert nær eigen bustad	4
3.2	Barnehagen er lokalisert på veg til arbeidsstad.....	4
3.3	I kva grad påverkar omgangskretsen val av barnehage?.....	5
3.4	I kva grad påverkar barselgruppa val av barnehage?	5
3.5	Kva er dei viktigaste faktorane som påverkar val av barnehage?	5
3.6	Kommunal eller privat barnehage?	8
3.7	Kommentarar om val av barnehage.....	8

1 Om undersøkinga

1.1 Føremål

I arbeidet med temaplan for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen såg vi eit behov for å få kunnskap om kva som påverkar foreldra sitt val av barnehage. Er det til dømes nærleik til bustad, jobb, omdømme eller anna som påverkar valet? Er det viktig for foreldre om barnehagen er kommunal eller privat? Dette er døme på spørsmål vi ønskte svar på. Kunnskap om dette er eit nyttig grunnlag når vi skal drøfte barnehagetilbod og barnehagestruktur.

1.2 Om undersøkinga

Undersøkinga er laga i Google Forms og er anonym.

Undersøkinga er sendt på e-post til alle foreldre som har søkt og fått tilbod om barnehageplass 2024/2025. Dette var totalt 232 foreldrepar og e-post vart sendt til begge foreldra. På det tidspunktet vi henta ut svar frå undersøkinga, var det kome inn 95 svar. Sidan undersøkinga er anonym har vi ikkje kunnskap om dette er svar frå 95 ulike foreldrepar eller om det kan vere at begge foreldra har svart på undersøkinga sidan begge har fått e-post. Vi meiner uansett at det med så mange svar, gjev oss eit godt grunnlag for å få gode og gyldige svar på dei spørsmåla vi stilte.

2 Oppsummering av funn

«Nærhet, nærhet, nærhet. I det minste må den ligge på vei til jobb (som for de fleste vil si i retning Førde). Vi er heldige på Vassenden, med to barnehager, og her er også den kommunale plassert heilt ideelt (altså i retning Førde). Strukturen i kommunen må hensynta geografisk beliggenhet for småbarnsforeldre, hvis ikke blir hverdagslogistikken umulig».

Denne kommentaren frå ein av respondentane oppsummerer eit viktig funn i undersøkinga – at det er viktig for foreldre at barnehagen er lokalisert i tilknytning til eigen heim og/eller arbeidsstad. I tillegg spelar dei tilsette i barnehagen ei sentral rolle når det gjeld val av barnehage. Foreldre ynskjer ein barnehage med stabile tilsette som er eit signal om at dei trivast på arbeidsplassen, og dei ynskjer tilsette som ser og møter barnet i kvardagen.

Barnehagen sitt uteområde og omdømme, samt informasjon om barnehagen er også viktig for nokre ved val av barnehage. Barnehagen sine opningstider er minst viktig. Det har lite betydning for foreldrene om barnehagen er kommunal eller privat.

3 Kva påverkar val av barnehage – resultat frå undersøkinga

Av dei som har svart, så har 52 respondentar hatt born i barnehage tidlegare, medan 43 har fått barnehageplass for første gong.

3.1 Barnehagen er lokalisert nær eigen bustad

Av dei spurte, svarar heile 85 respondentar at det er svært viktig eller ganske viktig at barnehagen er plassert nær eigen bustad.

2. Kor viktig er barnehagen si plassering nær eigen bustad avgjerande for val av barnehage

[Flere detaljer](#)

1 Ikkje viktig	2
2 Lite viktig	8
3 Ganske viktig	36
4 Svært viktig	49



3.2 Barnehagen er lokalisert på veg til arbeidsstad

82 respondentar svarar at det er svært viktig eller ganske viktig at barnehagen er lokalisert på veg til eigen arbeidsstad.

3. Kor viktig er barnehagen si plassering på veg til arbeid avgjerdande for val av barnehage?


[Flere detaljer](#)

1 Ikkje viktig	4
2 Lite viktig	9
3 Ganske viktig	42
4 Svært viktig	40




3.3 I kva grad påverkar omgangskretsen val av barnehage?

55 respondentar svarar at omgangskretsen sine tilrådingar er svært viktig eller ganske viktig for val av barnehage. 40 respondentar meiner dette er lite viktig eller ikkje viktig.



3.4 I kva grad påverkar barselgruppa val av barnehage?

21 respondentar svarar at barselgruppa sine råd og erfaringar er svært viktig eller ganske viktig når det gjeld val av barnehage, medan 74 respondentar meiner dette er lite viktig/ikkje viktig.



3.5 Kva er dei viktigaste faktorane som påverkar val av barnehage?

På spørsmål der respondentane fekk 9 alternativ som dei skulle prioritere frå 1-9 og der 1 er det som påverkar val av barnehage mest, så er det tilsette i barnehagen, uteområdet til barnehagen og geografisk plassering av barnehagen som kjem ut som dei 3 viktigaste faktorane:

6. Sorter kva som er viktigast for deg. Du set det vikiaste først. Bruk pilene til høgre på kvar av alternativa, for å flytte dei opp eller ned. Pilene blir synlege når du trykker på alternativa.

[Fiere detaljer](#)




Ser vi nærare på fordelinga, ser vi mellom anna at det er fleire som har sett opp geografisk plassering av barnehagen som prioritet 1 eller 2 enn dei som prioriterer uteområdet på første eller andre plass:

6. Sorter kva som er viktigast for deg. Du set det vikiaste først. Bruk pilene til høgre på kvar av alternativa, for å flytte dei opp eller ned. Pilene blir synlege når du trykker på...

95 Svar

Rangering Alternativer

Første valg Siste valg



Faktorar som opningstider og korleis barnehagebygget ser ut, er minst viktig. Tilbodet av mat er heller ikkje ein avgjerande faktor.

3.5.1 Omdømme


Omdømmet til barnehagen er ikkje det mest avgjerande ved val av barnehage, men for dei som har lagt vekt på dette, så viser dei til at erfaringar frå vener og kjente har hatt betydning for kva barnehage dei valte. Nokre seier at stabilt og engasjerande personale er viktig:

- «Fint å vite at barnehagelærarane er flinke med det dei gjere. Det føles fort trygt å sende barnet sitt til flinke, snille folk».
- «For oss var det viktig å velge ein liten barnehage med personal med lang driftstid (teikn på at dei trivast). Vi valte barnehage ut i frå positive kommentarar frå både vener og familie».

Andre viser til at dei har sett på brukarundersøkingar og barnehagefakta.no når dei valte barnehage.

3.5.2 Informasjon om barnehagen

40 av respondentane seier at informasjon om barnehagen var særst viktig eller ganske viktig ved val av barnehage, medan 55 svarar at det er mindre viktig:



For dei som meiner at informasjon er viktig, så nemner dei at det var viktig med informasjon om bl.a.:

- Omdømme
- Tilsette og kva kompetanse dei har
- Årsplan
- Informasjon om uteområdet
- Aktivitets- og mattilbud
- Mål for barnehagen

3.6 Kommunal eller privat barnehage?

På spørsmål om det var viktig at barnehagen var kommunal eller privat, så er det berre nokre få som har lagt vekt på dette ved val av barnehage.

3.7 Kommenterarar om val av barnehage

Avslutningsvis i undersøkinga har respondentane hatt høve til å kome med utfyllande kommenterarar til undersøkinga. Her er det mange som peikar på at lokalisering av barnehagen er det avgjerande:

- *«Å ha eit barnehagetilbud nær heim og arbeid er heilt avgjerande for å bli buande i Sunnfjord kommune»*
- *«Jeg bor i et distrikt hvor det kun er én barnehage som både er på vei til jobb og som er innenfor ca 1 times reisevei fra hjemmet. Det blir derfor en ting som er viktig for meg som trumfer absolutt alt annet – og det er geografi. Om jeg hadde bodd sentralt, f.eks. i Førde sentrum hadde jeg nok valgt barnehage utfra andre hensyn i tillegg. Håper der tar dette i betraktning i denne undersøkelsen og arbeidet dere gjør også – at geografisk nærhet er utrolig viktig, ja faktisk helt uvurderlig for å kunne bo der vi bor på bygda – selv om det i undersøkelsen kanskje ikke kommer ut som så viktig for majoriteten som bor sentralt og har flere valgmuligheter».*

Dei tilsette som jobbar i barnehagen vert også trekt fram av fleire som eit viktig punkt:

- *«Ein barnehage er aldri bedre enn kvaliteten på dei tilsette. Dei må ha gode arbeidsvilkår og må stellast fint med. Rettleiing frå styrar er viktig, styrar må ha god innsikt i kva som skjer på avdelingane. Då vi valgte barnehage var dette viktigare enn geografisk nærleik».*
- *«Viktig at barn føler seg sett og velkommen av de ansatte. At barnet blir passet på av de voksne og ikke overlatt til seg selv. At de får sunn og næringsrik mat i barnehagen, at de ansatte har fokus på barnet sitt beste».*